

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Både etter eiga røynsle og etter heimelsmenn (83 år)

SVAR

Juletre og julehalm.

1. Juletreeet er vanleg i vår bygd. Alle familiar har sitt juletre når julafstan kjem.
2. Første gong nokon veit om juletre her i Måndalen, var i 1876 eller 77. Det var ein lærar her i bygda som skipa til ein juletrefest på skulehuset mellom jul og nyår eit av dei åra. Ein som var med på den festen, lever enno. Det var ikkje endå skikken å ha juletre i heimane. Så dette juletreeet var sikkert det første som var sett her. Det vart halde juletrefestar åra etterpå og. Men det vart ikkje årvisst.
3. Før juletrea kom i bruk i heimane, vart det lite pynta i husa til julehøgtida. Det vart innbore eine og furukvister, som vart sette opp her og der, men mykje var det ikkje. Men dei hadde jamt finhakka eine på golvet i stova. Det brukte dei elles om søndagane andre tider i året og. Dei "pynta" mest opp med vask. For til jul skulle det vaskast grundig. Og dei vaska helst så nær inn i høgtida som mogleg. Den tida det var røykstover, vaska dei om morgonen julafstan.
4. Nå brukar mange å pynte opp i stova med grønt (gran, furu) endå om dei har juletre. Dei set furukvister i lyskrona, oppfor dører, eller andre stader. Men dei "passar måten" så det ikkje blir overlest.
5. Storleiken på juletreeet må svare til storleiken på bustaden. Dei som har store stover, brukar gjerne eit bra stort tre, på lag halvannan meter høgt. Dei som bur trøngt, brukar berre små tre som står på ~~bordet~~. Det kan vere 1 m høgt eller der ikring.
6. Juletreeet er pynta med lys, som er det viktigaste i grunnen. Det kan vere frå 10 til 25 lys på eit tre, rundt rekna. Lysa er dei vanlege ein får kjøpe i butikken. Før var det heimestøypte lys.
7. Juletreeet er pynta med lys, som er det viktigaste i grunnen. Det kan vere frå 10 til 25 lys på eit tre, rundt rekna. Lysa er dei vanlege ein får kjøpe i butikken. Før var det heimestøypte lys.

Elles er treet pynta med heimelaga korger, posar, lekkjer og andre ting av glanspapir. Attåt dette har ein på treet kjøpepynt, som små og store kuler av glas eller andre skøyre ting, som er farga, fuglar, nisser, dyrefigumar, bomull, englehår, stjerner. I toppen har ein spir som oftast. Somme har ei stjerne.

8. Det er både vaksne og born som er med og pyntar treet. Det er eit arbeid alle likar å ta del i.
9. Er stova stor nok, står treet på golvet, fritt. Er det hustrongt, små rom, set dei treet på eit bord, helst i ei krå eller ved veggen.
10. Lysa på juletreet blir tende julafstan, når det lid på kvelden og ein er ferdig til å gå rundt ~~treet~~. Elles blir det ofte, kanskje mest alltid, MMXXMMXX tent om nyårsaftan, og somme gonger om tretteaftan. Elles blir det tent når det er barneselskap.
11. Det er vanleg at ein går rundt treet og syng julafstan. Då syng ein dei vanlege julesongane som ein brukar på festane. Ikkje så mange ut av salmeboka, men mest ut av songbøker. Dei mest brukte er: Glade jul, Jeg er så glad hver julekveld, Å, jul med din glede, Her kommer dine arme små, Du grønne glitrende tre, Barn Jesus låg i tronge stall (H.C. Andersen), Deilig er jorden.
12. Det er stor skilnad på kor lenge treet blir ståande i dei ymse heimar. Ingen har det ut mellom jul og nyår. Men så snart det lid over i det nye året, er det eit og anna utkasta treet å sjå. Men dei aller fleste har det til over trettenhelga (6. jan.) Somme har det svært lenge inne, serleg der det er fleire små born. Eg har sett juletreet har stått 17. mai i eit hus. Men det er vel rekorden det.
13. Borna får lov til å hauste juletreet. Men som nemnt ovafor, er det ikkje på nokon fastsett dag. Vi kallar det å hauste treet.
14. Det er mest gran som blir brukt til juletre. Ein og annan har furu, somme har eine. Før var det næst alltid eine. Her er ikkje anna gran enn den som er planta, så det var mange som knapt hadde råd til å bruke gran. Likeeins med furu og.
15. Det er, så vidt eg veit, ingen her som har laga kunstig juletre. Her har alltid vore overflod av eine.
16. Her har ikkje vore skikk å setje opp juletre ute. Juleneket hengde ein opp i eit tre eller på ein husvegg eller på ei stong.

Julehalm.

Det var skikk her og at ein hadde halm eller halm-bolstrar på stovegolvet om julekvelden. Men det held på gå i gløyme no. Dei fleste, eller borna i allfall, skulle få ligge inne i stova julenatta, men ikkje lenger. Eg har og lege på halmbolster på golvet i stova den natta, i lag med fleire sysken. Men vi hadde ikkje halmen laus utover golvet, men i bolster. Det var ei gild natt. Og aller likast om juledags-morgonen då vi vakna. Då fekk vi små kaker, fordi vi hadde vore gilde til å plukke brusar om hausten. Så åt vi første målet på "senga", - det kallar vi før-åbit. Men vi fekk ikkje ligge lenge utover dagen sjølvsgagt. For stova måtte fjelgast og vølast til dagen. Når vi så hadde kledd oss, var vi med og bar ut bolstrane.

I eldre tid la dei laus halm utover golvet, fortel dei eldste. Men det var å seie slutt i deira barndom. Nokon sikker tradisjon om denne halmen, korleis han var lagd utover golvet o.m., har ein ikkje. Men at folk låg på flatseng, som vi kallar det, om julekvelden, var sikkert brukt aldri så lang tid attigjenom.